



1 Vedtekter for ungdomspolitisk utval (UPU) i Sogn og Fjordane

2 Vedtatt på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 09.04.2016.

3 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 25.03.2017.

4 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 07.04.2018.

5 § 1 Føremål

6 Ungdomspolitisk utval (UPU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane (FFU).

7 UPU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. UPU følger opp vedtak gjort av fylkesting for
8 ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgd opp vedtaka sidan førre fylkesting for
9 ungdom. UPU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker
10 som gjeld barn og ungdom.

11 § 2 Val og samansetnad

12 Ungdomspolitisk utval (UPU) skal bestå av fem medlemer (tre medlemer, leiar og nestleiar). Desse
13 vert valde på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast fem varamedlemer i prioritert rekkjefølgje.
14 Valperioden for kvart medlem er to år. Vara har valperiode på 1 år. Kvart år skal det veljast ny leiar
15 og nestleiar. Ved oppstart skal to medlemmar veljast for eitt år og tre medlemmar veljast for to år,
16 dette for å halde kontinuitet i utvalet. Sjå også retningslinjer for fylkesting for ungdom.

17 § 3 Arbeidsområde

18 UPU skal arbeide etter mynde frå fylkesting for ungdom.

19 UPU skal rapportere til fylkesting for ungdom om dei vedtak som vart gjort under fylkesting for
20 ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. UPU skal bruke malen for årsmelding som er
21 utarbeidd av fylkeskommunen.

22 UPU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem barn
23 og unge.

24 UPU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom.

25 UPU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på
26 fylkesnivå.



1

2 UPU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane.

3 UPU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda/kommunane i fylket.

4 UPU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane

5 mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom UPU og avdelingane, og UPU skal få innsyn i kva

6 saker som føregår i fylkeskommunen som angår barn og ungdom.

7 § 4 Møter

8 Ungdomspolitisk utval skal ha jamlege møter, etter behov. I utgangspunktet seks ordinære møter i

9 året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. UPU og næring- og

10 kulturavdelinga skal i samråd lage ein møteplan. Dei ordinære møta bør vere slik at UPU samlast på

11 same stad. Første møte etter fylkesting for ungdom skal vere eit fysisk møte, der eit av føremåla er å

12 verte kjende med dei andre medlemmane og kontaktpersonen frå fylkeskommunen.

13 Møta skal leggst opp slik at reiseruta for kva einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i

14 heile fylket, visst dette er praktisk for ungdomspolitisk utval. Det skal i hovudsak leggst opp til

15 kollektivtransport til møta.

16 Den fylkeskommunalt tilsette (sekretæren) har ansvaret for dei som er på møtet. Dei som er på

17 møtet, må rette seg under denne personen. Det er den tilsette i lag med medlemmane i UPU som

18 bestemmer møtetidspunktet.

19 § 5 Vedtak under møtet

20 Utvalet kan gjere vedtak når minst tre av medlemmane er tilstande, og alle desse tre har røysta.

21 Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

22 § 6 Møteplikt og forfall

23 Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemmane plikt til å delta i utvalet sine møter og

24 utvalet sitt arbeid. Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd, men seinast fem

25 dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.



- 1 Gyldig grunnar til forfall: sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan
- 2 utsetjast eller forsømmast. Er det tvil om eit forfall er gyldig vert dette handsama før sakene på
- 3 saklista.

- 4 Etter at møtet er sett, kan ein ikkje forlate møtet utan å ha gitt beskjed til møteleiar på førehand.

- 5 § 7 Vurdering og ev. fritak

- 6 Å vere medlem av ungdomspolitisk utval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, å
- 7 melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein
- 8 vert tillagt.

- 9 Medlemmar som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for
- 10 ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne
- 11 gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemane
- 12 i UPU til å søkje om fritak frå sitt verv i ungdomspolitisk utval.

- 13 Det er fylkesting for ungdom som avgjer om ein medlem i UPU skal få fritak frå vervet sitt.
- 14 Valnemnda skal få melding om at ein medlem søkjer om fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme
- 15 med framlegg til vedtak for fylkesting for ungdom. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen kan
- 16 få fritak frå vervet sitt i UPU.

- 17 Om nokon av medlemane av ungdomspolitisk utval ynskjer å trekkje seg frå vervet sitt, må
- 18 vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert vaterings sak på neste møte i UPU.

- 19 Dersom medlemen får fritak er det UPU som supplerer den ledige plassen ut frå varalista. Det er
- 20 ikkje nødvendig å nytte den prioriterte rekkefølga av vararekkefølga ved supplerer av medlemane
- 21 til ungdomspolitisk utval, fordi UPU må ta omsyn til samansetnaden av utvalet etter § 2 i vedtektene.

- 22 Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan UPU vedta å fordele
- 23 verva annleis. Det må vere etter ynskje frå begge partar. Eit slikt bytte skal vere ei vaterings sak og er
- 24 gjeldane etter den datoen UPU vedtek.

- 25 § 8 Møteleing

- 26 Leiar av ungdomspolitisk utval skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møte skal nestleiar
- 27 fungere som møteleiar. Visst begge desse er vekke, skal ungdomspolitisk utval stemme over kven



1 som skal leie møtet. Dette må vere ein av dei faste medlemmane til ungdomspolitisk utval. Visst ikkje
2 dei faste medlemmane ynskjer å vere møteleiar, kan ein varamedlem vere møteleiar.

3 Møteleiaren skal gjennom dialog, og gjennom eigne erfaringar utvikle ein god og effektiv
4 møtestruktur. Møteleiaren bør vere ein samlande person og bør difor ikkje vere dominerande på
5 møtet.

6 Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i
7 møtet, og skal skrive referata frå møta. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å
8 fremme eigne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å fylgje opp.

9 § 9 Innkalling og sakliste

10 Ungdomspolitisk utval vert kalla inn skriftleg med minst åtte dagar varsel. Saksdokumenta vert sende
11 til medlemmane, varamedlemmane og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemmer
12 seier i mot, kan UPU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

13 Leiar set opp sakliste før kvart enkelt møte. Saklista skal liggje ved i innkallinga. Saklista skal, som
14 utgangspunkt, vedtakast i den rekkjefølgja ho ligg føre, men UPU kan vedta å endre denne. Er ei sak
15 teken opp til handsaming, kan ikkje møtet avsluttast før saka vert avgjort ved røysting eller at det
16 vert vedteke å utsetje saka.

17 § 10 Ugildskap

18 For ugildskapen til medlemene gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40, nr 3.
19 Medlemar som er ugilde deltek ikkje ved handsaminga av saka og forlèt møtet dersom det er eit
20 lukka møte.

21 Medlemmar som er fritekne frå å delta i handsaminga av ei sak ut frå personlege grunnar, jf.
22 kommunelova § 40, nr 4, deltek ikkje ved handsaminga av saka.

23 Ved ugildskap skal det ikkje kallast inn vara i staden til medlemmen.

24 § 11 Økonomi

25 Målet med ungdomspolitisk utval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn
26 eller personleg økonomisk situasjon.



- 1 Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald når dei representerer
- 2 ungdomspolitisk utval i andre samanhengar enn ordinære møter.

- 3 Til dei ordinære møta i ungdomspolitisk utval, nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for
- 4 ungdom, vert det berre gjeve reiserefusjon ved reise med offentlege transportmiddel.

- 5 På reiser til og frå andre arrangement enn ordinære møter, der ein medlem skal representere UPU,
- 6 kan det bli utbetalt refusjon ved kjøring av privatbil, etter fylkeskommunale takstar.
- 7 Representantane kan føre kostpengar på slike arrangement, etter fylkeskommunale takstar, dersom
- 8 det ikkje er mat på arrangementa. Dette gjeld òg under reise, og tidspunkta for avgang og ankomst
- 9 vert lagde til grunn.

- 10 Medlemene i ungdomspolitisk utval får telefongodtgjersle på kroner 1 000,- kvart år, medan leiar og
- 11 nestleiar får kroner 2 000,-. Desse summene skal regulerast i samsvar med konsumprisindeksen
- 12 fyrste gong den 1. januar 2016, og den 1. januar kvart år framover.

- 13 § 12 Endring av vedtektene

- 14 Dei som er innkalla til FFU (kommunane, politiske ungdomsparti, fylkesdekkande
- 15 ungdomsorganisasjonar og ungdomspolitisk utval) kan sende framlegg til endring av vedtektene.
- 16 Framlegget må vere sendt inn minst 14 dagar før fylkesting for ungdom. Det er også mogeleg for
- 17 delegatar og observatørar sende inn framlegg til endring av vedtektene til uttalenemnda under
- 18 fylkesting for ungdom, innan den fristen som gjeld for innsending av forslag uttalenemnda, sjå § 7-6 i
- 19 vedtekter for fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.

- 20 Endringar i vedtektene vert gjort av fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane med 2/3 fleirtal.

- 21 Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Sogn og
- 22 Fjordane.